



Sambandet Vest AS
Sølvi Karlsen

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/2286 - 16/18542

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
27.09.2016

Sambandet vest AS - Ny aksjekapital for 2015 - 2017

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:
Sambandet Vest AS

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 037	16/2286

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
75/2016	Kommunestyret	PS	21.09.2016

Sambandet vest AS - Ny aksjekapital for 2015 - 2017

Vedlegg:

Protokoll frå generalforsamling 21.06.16 og Ekstraordinær generalforsamling 30.06.16
Innbetaling av ny aksjekapital 2015-2017

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune er i dag formelt eigar av 24 aksjar i Sambandet Vest. Det er 15% av talet på aksjar, totalt 160. Kommunen vedtok 19. november 2014 å selje halvparten av desse aksjane til Nordhordland Utviklingsselskap AS. Som følgje av manglande oppfølging og manglande registrering i føretaksregisteret av endringane i kapital frå selskapet sin side, er ikkje punkt 1 i vedtaket i Kommunestyret, sak 71/2014, gjennomført.

KS – vedtak sak 71/2014:

- 1. Meland kommune godkjenner at 12 av aksjane som kommunen eig i Sambandet Vest AS vert overdratt til Nordhordland Utviklingsselskap AS i samsvar med vedtak i generalforsamlinga i Sambandet Vest 24. juni 2014. Kommunen er etter dette eigar av 12 aksjar i Sambandet Vest AS. Oppgjer for aksjane, kr 120.000,- vert å motrekne same beløp som Nordhordland Utviklingsselskap AS har forskotsbetalt for aksjane som kommunen erverva i 2013.*
- 2. Kommunen betalar inn rest aksjekapital kr 120.000,- til Sambandet Vest ihht. budsjett for 2014.*

Punkt 2 i vedtaket vart gjennomført. Selskapet gjorde og eit vedtak om kapitalauke i 2015 som ikkje vart gjennomført på rett måte hjå alle eigarane eller hjå selskapet sjølv. Meland kommune var mellom eigarane som ikkje gjorde vedtak om nytt kapitalinnskott som følgje av manglande informasjon frå selskapet, og vedtaket på generalforsamlinga 30. juni 2016 om auke i kapital inkluderer difor det som Meland kommune eigentleg skulle betalt inn i 2015.

Grunna feil og manglande opplysningar frå selskapet er verdien av selskapet i 2015-rekneskapan for Meland kommune ikkje korrekt. Vi har registrert ein eigardel på 5% og bokført verdi på aksjane med kr 170.750,-. Dette er ikkje rett. Vi vil diskutere saken med revisor, og korrigere i rekneskapan i samband med årsoppgjøret for 2016.

Selskapet har dei siste åra gått med underskot, som følgje av at drifta i stor grad er basert på bruk av egenkapital, og for små inntekter til å dekke driftsutgiftene. Underskotet i 2015 var på ca. kr 630.000,- og selskapet har ein negativ egenkapital på kr 433.000,- per 31.12.2015.

Selskapet arbeidar no med å rydde opp i dei formelle forholda i selskapet, og sørgje for at selskapet får forsvarlege kapitaltilhøve slik at drifta i selskapet kan halde fram. I første omgang inneber oppryddinga at styret i juni 2016 gjorde framlegg til generalforsamlinga i selskapet om å styrke aksjekapitalen med til saman kr 1,5 mill. frå kr 1,6 mill. til kr 3,1 mill. Dermed får selskapet ein egenkapital som gjer at det formelt etter aksjeloven har grunnlag for fortsatt drift. Med ein eigardel på 15%, utgjør kapitalinnskottet frå Meland kommune kr 225.000,-

Kapitalauken vart vedteken i generalforsamlinga i selskapet 30. juni 2016, med innbetaling innan 3 månader etter vedtaket. Meland kommunestyret må gjere vedtak om budsjettendring før utbetaling av denne kapitalen kan skje.

Saka skulle ha vore fremja for formannskapet før handsaming i kommunestyret, men då dette ikkje vart gjort, må ein fremje saka direkte til kommunestyret med rådmannen sitt framlegg til vedtak som grunnlag for avgjerd.

Konklusjon

Meland kommune gjer vedtak om å auke investeringsbudsjettet med kr 225.000,- (prosjekt 120 – Kapitalutviding Sambandet Vest). Auken vert finansiert med bruk av kapitalfond. Dermed har kommunen budsjettgrunnlag for å utbetale nytt aksjeinnskott ihht. vedtaket på generalforsamlinga 30. juni 2016.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at det vert gjort endring i investeringsbudsjettet for 2016 slik: På investeringsprosjekt 120 – Kapitalutviding Sambandet Vest vert det budsjettert med kapitalinnskott på kr 225.000,- som auke i aksjekapital i Sambandet Vest AS. Dette for å kunne gjennomføre kapitalutvidinga vedteken på generalforsamlinga i selskapet den 30. juni 2016. Bruk av kapitalfond vert auka med kr 225.000,- for å finansiere dette kapitalinnskottet.»

Kommunestyret - 75/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at det vert gjort endring i investeringsbudsjettet for 2016 slik:
På investeringsprosjekt 120 – Kapitalutviding Sambandet Vest vert det budsjettet med kapitalinnskot på kr 225.000,- som auke i aksjekapital i Sambandet Vest AS. Dette for å kunne gjennomføre kapitalutvidinga vedteken på generalforsamlinga i selskapet den 30. juni 2016.
Bruk av kapitalfond vert auka med kr 225.000,- for å finansiere dette kapitalinnskotet.»